



Øvre Naustdal Utmarkslag  
v/ Normund Svoen

## Motorferdsel på kommunal veg Nes – Vonavatnet på vinterføre

Vi har forstått det slik at køyring på vinterføre på strekninga mellom Nes og Vonavatnet er kjelde til usemje mellom grunneigarar i område.

Vi sender dette brevet til dykk for å gjere greie for lov og eigedomsforhold i høve dette, slik at de kan informere vidare til medlemmar i laget.

Veg som ikkje blir brøyta er å rekne som utmark (jf. motorferdslelova § 2). Dersom køyringa er næringskøyring, er ikkje dette søknadspliktig etter motorferdselslova (jf. § 4), men ein treng løyve frå eigar av eigedomen ein skal køyre over.

Veggrunnen er kommunal, og har vore det sidan overtaking i 1964 (sjå vedlegg). Sunnfjord kommune har drift og vedlikehald av vegstrekninga, og dette gjer også at veggen er rekna som offentleg (jf. § 5 i veglova).

Av nemnde grunnar er det Sunnfjord kommune som er eigar av veggrunn Nes - Vonavatnet, og som avgjer løyve til køyring på vinterføre på denne eigedomen.

Vi ber dykk informere medlemmane i laget om dette.

Med helsing

Anne-Grete Nøttingnes Rognsøy  
einingsleiar

Solfrid Trå  
rådgjevar

Dette brevet er elektronisk godkjent om det ikkje er signert.

### Kopi til:

### Vedlegg:

Overtakingsbrev Nes Vonvatet